

Karmøy kommune

Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:

23/1188Dato: **15.03.2023**Saksnr.: **2023/20804**Dok.nr.: **5**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 107 bnr 4 - dispensasjon - gapahuk og forlenging av adkomst sti - søknad – fråsegn vedrørande kulturminne

Fylkesdirektøren viser til søknad om oppføring gapahuk og forlenging av adkomst på turstien på gnr 107 bnr 4 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4.

Vi har på den bakgrunn ingen merknader til tiltaket, utover at ein under opparbeidinga av området prøver å unngå inngrep i /skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Fylkesdirektøren vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing
Jan G. Auestad
Fungerande seksjonssjef

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I ROGALAND



Rogaland
fylkeskommune

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.